

**Fra:** Linn Tangen <linn.tangen@gmail.com>  
**Sendt:** tirsdag 15. august 2023 19:56  
**Til:** Post Austrheim  
**Kopi:** Asbjørn Nagell Toft  
**Emne:** Merknader til områdeplan for Kaland og Fonnes til 2. gongs offentlig ettersyn.  
**Vedlegg:** Scan0040.pdf

Til Austrheim kommune

**Merknader til områdeplan for Kaland og Fonnes til 2. gongs offentleg ettersyn.**

Takk for utsatt frist til 15.08.2023 for å komme med merknader.

Som grunneigar på gbnr. 131/60 ynskjer eg å ha området eg eig som gult bustadområde. Dette for å kunne byggja fleire bustadhus her. Eg har lagt ved et plankart som viser korleis husa og tilkomstveg kan plasserast i dette området. Målet er å få ein trygg og god tilkomst for dei som skal bu her, men og for dei som bur her i dag og er nabobar til området. Eg ser og at tilkomst frå nord kan sikrast via avkøyringspiller på plankartet. Det kan gjerne gjerast, om det høver best, det er gjerne fornuftig å ha fleire ulike tilkomstvegar på plankartet, så kan ein i utbyggingsfasen planleggja meir detaljert. Nokon eller alle planlagte bustadhusa kan etter mitt syn koblast på det eksisterande og planlagte VA-nettet i området.

Eg vonar og at gangvegen, mellom min eidegom og naboen i vest, om nødvendig kan delast midt på dei to eideomane som går her, slik som vist på vedlagt plankart. Dette fordi det tek mindre av min hage som er vest for eksisterande hus. Men det beste for min del er at vegen forblir der den er i dag, dvs. langs med grensa på naboen si baksida.

Eg vonar Austrheim kommune kan sjå grundigare på mine merknader her.

Linn Tangen